



Tysdag før palmesøndag er dagen for den årlege innsamlinga til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Denne kvelden vil konfirmantane i Uskedalen og Husnes og Holmedal sokn gå rundt med bøsser og samle inn pengar for å hjelpe fattige til ei betre framtid.

I år har Kirkens Nødhjelp eit spesielt forkus på å hjelpe folk til å skaffe seg sin eigen arbeidsplass. Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom. Pengane som vert samla inn, går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda. Kirkens Nødhjelp driv både langsiktige prosjekt for ei betre framtid, og akutt naudhjelp for å berge liv og hjelpe folk som vert råka av katastrofer.

Konfirmantane kjem i kveldinga med **plumberte bøsser som er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp** og har **ID-merke** med namnet sitt på og nummer som samsvarar med nummeret på bøssa. Slik kan gjevarar sjå at dei har fullmakt til å samle inn til Kirkens Nødhjelp. Det har diverre hendt at nokon ukjende innsamlarar har gått rundt og samla inn pengar tidlegare på same dagen som konfirmantane gjekk.

Så vær obs! på at bøssene er tydeleg merka med Kirkens Nødhjelp.

Ta godt imot bøsseberarane frå Kirkens Nødhjelp!

Helsing sokneprestane Kristian Due og Jan Ove Totland